



Ei felles framtid i Norge

Taler

Jon Lilletun

Dato

12 april 1999

Sted

Jamaat - E- Ahl E Sunnat moskéen

1 Takk for invitasjonen.

Det er ei glede for meg å møte dykk her i moskéen. Eg vil takke alle som er komne, og Islamsk Råd for førebuingane til møtet.

5

I eit godt fungerande samfunn er det ein levande dialog innbyggjarane imellom og mellom innbyggjarane og myndigheitene. Ein dialog der vi kan gi uttrykk for våre synspunkt og der meiningar kan brytast. For meg er det viktig å få til ein nærare og breiare dialog mellom myndigheitene og representantar for ulike minoritetar. Mange av dei spørsmåla som er tekne opp av dykk, høyrer då også under det saksområdet eg har ansvaret for.

10

Statsministeren er lei for at han ikkje kan møte dykk i dag, men håper at han kan få til eit møte ved eit seinare høve.

15

Eg vil nytte høvet til å rose representantar for muslimane som heilt frå tidleg på 90-talet aktivt har teke kontakt med myndigheitene med ønske om samarbeid og dialog.

20

Vi deler synet på kor viktig tru og livssyn er for det einskilde menneske, for familien, gruppa og samfunnet. Blant anna viser eit forslag om oppmjuking av familiegjenforeningsreglane som no er ute på høyring, at regjeringa legg stor vekt på at familien skal kunne halde saman. Regjeringa sitt forslag inneber at det skal bli noko lettare å få familiegjenforening med borna sine heilt til dei blir 21 år.

25

Kultur og religion legg grunnlaget for etikk, normer og verdiar. For meg er det viktig at vi skaper eit samfunn med respekt for ulike grupper, kulturar og religionar.

Ute i verda ser vi stadig eksempel på at religion blir misbrukt i eit politisk maktspel og til å skape konflikter. Det er derfor viktig å ta utgangspunkt i det som samlar i staden for det som splittar. I Norge har det i lang tid vore ein dialog
35 mellom trussamfunna. Vi ser i dette arbeidet at det er større likheiter enn forskjellar mellom ulike grupper.

Det pågår viktige dialogar i mange fora. Eit eksempel er samarbeidet mellom Mellomkirkelig Råd og Islamsk Råd som har funne stad over lengre tid. Eit
40 anna eksempel er Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn der også Islamsk Råd er med. Dette var medarrangør av den store internasjonale konferansen om trus- og livssyn og menneskerettar som fann stad i Oslo sommaren 1998. Konferansen fekk økonomisk støtte frå Utanriksdepartementet, Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og Kommunal- og
45 regionaldepartementet, som eit synleg bevis på at vi frå myndigheitene si side meiner dette er eit viktig arbeid.

Eit anna viktig forum for dialog er Kontaktutvalget mellom innvandrarar og norske myndigheiter. Også her blir viktige verdispørsmål drøfta og
50 representantar frå dei muslimske miljøa er med på å setje dagsorden.

Alt dette er for meg uttrykk for ein vilje frå dykk til å ta ansvar for ei felles framtid i Norge. Det gir ei god ramme for det vidare samarbeidet.

55 Mange av dykk som er her i dag kom til Norge for mange år sidan, og nokon er kanskje fødte her. De har bidrege til utvikling av det norske samfunnet og vil vere med på å prege utviklinga når vi går inn i eit nytt årtusen.

Her i Oslo har mange av dykk nøkkelfunksjonar både i privat og offentlig sektor
60 for å sikre at byen fungerer. Eg kan eksempelvis nemne byen sitt helsevesen og omsorgstenestene som er heilt avhengige av innsatsen frå innvandrarbefolkninga.

Mange av dykk jobbar hardt, men eg veit også at ein større del av dykk enn i
65 befolkninga elles, står utanfor arbeidsmarknaden, sjøl om de ønskjer å arbeide. Regjeringa meiner det er viktig å leggje til rette for at arbeidsløysa blant innvandrarar kan reduserast. Det er viktig at arbeidsledige tek kontakt med arbeidskontoret. Med den gunstige arbeidsmarknaden i dag legg

70 arbeidsmarknadsetaten særleg vekt på å hjelpe folk til å få ordinært arbeid. For
dei som treng kvalifisering for å komme i jobb, har arbeidsmarknadsetaten ei
rekke arbeidsmarknadstiltak som dels er spesielt tilrettelagde for innvandrarak.
Regjeringa vil også rette søkjelyset mot nykomne flyktningar og innvandrarak
med sikte på å gjere det lettare å få ein jobb så snart som mogeleg etter å ha kome
75 til landet. Vi greier no ut muligheita for ei eiga lov der deltaking i
kvalifiseringstiltak vert kopla til utbetaling av økonomisk stønad.

Når eg møter dykk her i moskéen i dag, er det som medlemmar av eit av dei
største trussamfunna utanfor Den norske Kyrkja, men også som innvandrarak
80 som skal finne seg til rette i eit nytt land.

Alle innvandrarak som kjem til Norge opplever eit land med nye skikkar og
levesett. Dette er ein stor overgang.

85 I Pakistan er islam grunnlaget for opprettinga av staten. Også i andre land der de
kjem frå, er islam eit viktig grunnlag for liv og livnad for menneska. Dette betyr
at de kanskje opplever å vere minoritet i dobbel forstand: både som innvandrarak
og som religiøs person.

90 Det er derfor ei utfordring for oss alle å skape eit samfunn der alle føler seg som
ein del av fellesskapet, samtidig som felles lover og reglar blir overhaldne og
ingen blir diskriminerte på grunn av si tru.

Kva er det som pregar det norske samfunnet vi alle er ein del av?

95

- Vi har mange felles lover og reglar som gjeld privatlivet vårt, som reglar om
forholdet mellom menn og kvinner og forholdet mellom foreldre og barn. Vi
har ei lov om at kvinner og menn skal vere likestilte. Vi har barnelova og lov om
barnevern.

100 - Norge er eit organisasjonssamfunn. Det vil seie at personar med felles
interesser ofte organiserer seg i interesseorganisasjoner. Mange av desse får
offentleg støtte etter visse kriterier. Det gjer også dei som ønskjer eit religiøst
fellesskap og er med i eit trus- eller livssynsamfunn.

105 Dette betyr at i Norge blir det teke mange viktige beslutningar for den enkelte
utanfor familien og mykje er regulert i lovs form. I Norge understrekar vi den
enkelte sin rett til sjøl å bestemme over sitt liv, også når det går på bekostning av

110 familien sine ønskje. Eksempelvis er det som de alle veit opplæringsplikt i Norge
for alle barn inntil dei er 16 år, og gutar og jenter skal behandlast som
likeverdige.

Foreldre har eit soleklart ansvar for å oppdra sine barn. Alle kan vere med - og eg
vil gå så langt som å seie at det er ei plikt å bidra til å utforme samfunnet på ein
115 positiv måte gjennom deltaking og engasjement i samfunnsdebatten. Som
eksempel blir det forventat at foreldra engasjerer seg i barna sin skulegang og at
ein røystar ved valg. I andre land er reglane og skikkane ulike våre og det kan gi
grunnlag for problem og misforståingar. Igjen vil eg understreke kor viktig det
er at vi også samtalar om tema som er vanskelege og tek utgangspunkt i at vi skal
120 lytte til kvarandre.

Eg vil her nytte høvet til å ta opp eit tema som sikkert opptek dykk like mykje
som meg. Som de sikkert veit er ekteskap inngått under tvang ugyldig i Norge.
Barne- og familiedepartementet har nyleg lagt fram ein handlingsplan mot
125 tvangsekteskap. I samband med arbeidet med handlingsplanen hadde
departementet eit møte med representantar for Imamforeningen. Når enkelte
familiar grip til tvang for at barnet skal gifte seg med den personen dei har valt,
er det ikkje eit spørsmål som har å gjere med religion. Ifølgje dei store
religionane skal ingen måtte inngå ekteskap mot sin vilje. Dette gjeld også islam.

130 Vi veit at det likevel går for seg tvangsekteskap blant personar med
innvandrarbakgrunn. Myndigheitene ser samarbeidet med innvandrarene sine
organisasjonar og trussamfunn som eit viktig verkemiddel for å kunne avskaffe
tvangsekteskap i Norge.

135 Eg håpar at både ungdomane og foreldrene får hjelp til å ta omsyn til eigen
kultur og samstundes ta omsyn til at ungdomane skal leve eit liv i det norske
samfunnet. Ulike generasjonar har ulikt syn på livet. Å velje livsledsagar er eit av
dei viktigaste og kanskje vanskelegaste vala vi gjer, og dei unge kan ha godt av å
140 høyre på den erfaringa vi som vaksne har. Men til sjuande og sist må det vere dei
unge sitt val, og det er tragisk for alle partar når slike val fører til store konflikhtar
og i verste fall til brot mellom foreldre og barn. Særleg fordi eg veit at foreldre
ønskjer det beste for barna sine og at barna ønskjer at foreldra skal vere deira
støttespelarar.

145 Dette fører meg over på dei meir generelle forholda mellom foreldre og barn.

Om barn og ungdom med innvandrerbakgrunn blir det ofte sagt at dei lever i to
150 kulturar og at dette kan vere eit problem. Undersøkingar viser at dei unge som
er fødde i Norge eller som var ganske unge då dei kom, ser på Norge som det
landet dei skal bli buande i og som det landet dei høyrer til. Slike synspunkt var
det også mange som uttrykte då eg besøkte ungdomsorganisasjonane. Mange
foreldre har kanskje framleis eit ønskje eller ein draum om å reise tilbake - eller
155 eventuelt å tilbringe alderdommen i sitt opprinnelege heimland. Desse
forskjellige ønskja er ikkje lette å foreine.

Eg veit at de er opptekne av at barna skal få bevare og styrkje sin identitet og sin
muslimske tilhøyrighet. Eg er også kjend med at mange synest dette har blitt
160 vanskelgare med det nye skulefaget Kristendomskunnskap med religions- og
livssynsorientering. Eg har forståing for dette, men eg mener at dei som bur i
Norge bør ha kunnskap om kristendomen for å forstå tankegangen og kulturen
i landet. Målet med faget er å sikre at alle barn får eit felles kunnskapsgrunnlag
om dei ulike religionar og livssyn som er sentrale i samfunnet vårt. Samtidig må
165 barna ha kunnskap om islam og andre religionar. Foreldrene har rett til å be om
fritak. Det gjeld dei deler av undervisninga som går utover det å gi faktisk
kunnskap. Det er for tidlig å trekkje bastante slutningar om korvidt fritaksretten
fungerer. Eg vil forsikre dykk om at Kyrkje-, utdannings- og
forskningsdepartementet vil følgje nøye med i korleis dette utviklar seg. Samtidig
170 som foreldra har rett til å gi barna ein identitet og å rettleie dei i religiøse
spørsmål, bør barna bli oppdregne til å kunne delta i det norske samfunnet og
dra nytte av dei muligheitene det gir. Eg tenkjer både på skulegang, fritidstilbod
og utdanning.

175 Dei fleste barn og unge med muslimsk bakgrunn klarer seg sjølsagt svært bra og
har solid støtte i heimen og foreldra. Men dei fleste av oss møter problem i rolla
som oppdragar, og vi veit at det er særleg utfordrande i eit nytt land med normer
og reglar som barna kanskje med rette meiner å kjenne betre enn foreldra. For å
gjere foreldra tryggare på rolla, har Barne- og familiedepartementet laga eit
180 Program for foreldrerettleiing, der siktemålet er å styrkje foreldra i rolla som
oppdragarar og omsorgspersonar for eigne barn. Programmet er laga for at
helsestasjonar, barnehagar og skular skal kunne gi foreldra best mogeleg
rettleiing. Eg vil oppfordre dykk til å nytte dykk av denne muligheita til å ta opp
spørsmål som gjeld barna dykkar. Eg kan også opplyse at som ein del av
185 programmet skal det utarbeidast eit temahefte spesielt med tanke på foreldre

med innvandrarbakgrunn.

190 Det er også nokre barn og unge, både med norske og utenlandske røter, som får problem. Vi ser at nokon fell ut av skulen og ikkje fullfører utdanninga. Enkelte blir dregne inn i vold og kriminalitet. Undersøkingar viser at ei lita gruppe ungdom, særleg gutar, er gjengangarar som har gjort fleire lovbrøt. Dette er eit samfunnsproblem som vedkjem alle. I denne gruppa inngår også unge med innvandrarbakgrunn og dei står i fare for å bli trekte inn i eit kriminelt miljø
195 som myndigheitene ofte har vanskar med å få oversikt over. Eg vil oppfordre dykk som foreldre å følgje med i kva barna dykkar driv med og å ta kontakt med barnevernet og politiet for å få råd og hjelp. Vi er nøydde til å stå saman for å hindre ei utvikling ingen ønskjer. Eg veit at både frivillege organisasjonar og fleire av moskéane tek opp desse problema. Det er svært positivt. Utan
200 organisasjonane og foreldra sin medverknad er desse forholda vanskelege å endre. Det er viktig å ta tak i problema tidleg og å få eit samarbeid mellom myndigheitene, ulike hjelpeinstansar og foreldra.

Det er nødvendig med kjennskap til det norske samfunnet og norskkunnskaper
205 hos dei som skal oppdra og rettleie barna og dei unge. Det er også avgjerande at barna sjøl beherskar norsk på eit tidleg tidspunkt. Ei undersøking om innvandrarforeldre sin bruk av barnehage viser at de legg vekt på dette. I bydelen Gamle Oslo pågår eit treårig prosjekt med gratis korttidsplass i barnehage for alle fem-åringar i bydelen. Hensikta med forsøket er først og
210 fremst å rekruttere barn med tospråklig bakgrunn til barnehage det siste året før skulestart, slik at norskkunnskapane blir best muleg. Eg er glad for at mange foreldre gjere nytte av tilbodet.

Den norske skulen er basert på eit nært samarbeid mellom foreldre og skule. Ein
215 viktig del av foreldrerollen blir derfor å hjelpe barnet med skulearbeidet og ha kontakt med skulen, bl.a gjennom å delta på foreldremøter. Dette gjeld både mor og far. For å kunne vere den nødvendige støtta for barnet, er det viktig at begge foreldra kan norsk. Mødrene i muslimske familiar har ei viktig oppdragarrolle og spelar tradisjonelt ei vesentleg rolle i forhold til barna si
220 utdanning. For å kunne forstå barna sin situasjon og oppvekst, er det nødvendig å kjenne til dei forventningar og krav som møter barn og unge på skulen og i det norske samfunnet generelt. Tilstrekkelege norskkunnskaper blir derfor også viktig for å kunne ivareta oppdragarrolla best muleg.

I Norge er det ei betydeleg gruppe innvandrar- og flyktningekvinner som ikkje er i stand til å støtte sine barn med skolearbeidet fordi dei er analfabetar eller har svært lita grunnutdanning. Kirke- utdannings- og forskingsdepartementet planlegg eit prosjekt for å kartlegge innvandrar- og flyktningekvinner sitt utdanningsnivå. Med utgangspunkt i kartlegginga vil departementet planlegge opplæringstiltak spesielt retta mot kvinner med barn. Tiltaket som vil vere knytta til grunnopplæring, spesielt i norsk, vil bli starta i Oslo og vil skje i samarbeid med lokale skulemyndigheiter og innvandrarorganisasjonar.

Dei unge med innvandrerbakgrunn treng støtte frå vaksne, både kvinner og menn, som kan formidle eigen kultur og religion og gi rettleiining om det norske samfunnet.

Vi treng også å møte kvarandre på tvers av religiøs tilhøyrigheit og kulturell bakgrunn for å drøfte våre erfaringar og vårt syn på korleis vi skapar eit godt liv for oss sjølve og våre næraste.

Det har nettopp vore eit møte med leiarar for Islamsk råd, og vi hadde ein nyttig dialog om viktige spørsmål de er opptekne av. Islamsk råd er blant dei som har meldt frå at det er behov for å ha eit kontaktpunkt i forvaltninga då det er ei rekkje spørsmål som det er behov for å drøfte med myndigheitene. Dette har eg teke alvorlig, og eg har sett i gang eit arbeid for å finne ei løysing på dette problemet.

Eg ønskjer at denne type samtalar mellom ulike innvandrargrupper og myndigheiter skal halde fram.

Takk for oppmerksomheita.

Kilde
www.regjeringen.no

Emner
Innledning, Innlegg, Innvandring, Integrering, Islam, Norge, Norsk historie, Norsk politikk

URI
<https://www.virksommeord.no/tale/ei-felles-framtid-i-norge>